


Årsmelding

Treungen idrettslag

2019



Årsmelding

2019 har vore eit aktivt år for Treungen idrettslag. Kvar veke blir det arrangert over 20 faste treningsgrupper med eit variert tilbod for alle frå to år og oppover. I 2019 har vi arrangert Skuggenatten Opp, klatrefestival og rulleskirenn frå Treungen til Gautefall. Eit av årets høgdepunkt var då 120 aktive fotballspelarar var med på å opne ny kunstgrasbane. I forkant hadde fotballgruppa lagt ned mykje dugnadsinnsats, ikkje berre med å bygge kunstgrasbane, men også med å ruste opp grasbanen, som var ei stor løvetanneng tidleg i sesongen. Leiaren av fotballgruppa, Frank Bakken blei vel fortent heidra med idrettslagets eldsjelpreis. Historisk var det også at vi i 2019 bytta ut vår Ockelbo snoskuter frå 1986 med ein flunkande ny.

Treungen idrettslag hadde 360 registrerte medlemmar ved utgangen av 2019.

Styret har vore: Leiar Elin Fjalestad, Nestleiar Unni Løken, styremedlemmer Knut Oddvar Nes, Marie Kornmo Enger, Morten Solberg, Anne Karin Grimstveit og Olav G Tveit og Salah Eddine Sekkah.

Aktivitatar 2019

Knøttetrening: er aktivitet, leik og moro tilpassa dei yngste barna, frå to til seks år. Kvar onsdag har dei hatt treningar i fleirbrukshuset. Når aktiviteten er ferdig kosar gjengen seg med frukt. 16 barn har vore med på dette tilbodet i 2019. Ikkje alle kan kvar gong, men i snitt har det vore med 12 born. Her er bilde frå sommaravslutninga då alle fekk medalje.



Handball: 10–15 jenter frå 7.-10. klasse og oppover deltek kvar måndag på håndballtreningar i fleirbrukshuset. Treningane har starta opp i oktober og avslutta i mai.

Fotball: Fotballgruppa har i 2019 hatt fleire store prosjekt. Vi har i løpet av året auka frå 90 til 120 spelarar i aldersgruppa 7-16 år fordelt på 11 lag, og tilbyr nå treningar til alle lag heile året. Vi har spela over 100 seriekampar og ein del cupkampar. J15 og G16 deltok også på Norway cup.

Vi har jobba med å få på plass ein kunstgrasbane på 30x50 meter som avlastning til hovedbanen, og fekk denne klar til haustsesongen. Vi har også jobba mykje med grasbanen der vi har fjerna over 20 m³ ugras, lufta og sådd. Med godt vedlikehald håper vi grasbanen vil bli bra i 2020 sesongen.

Våren 2019 arrangerte vi grasrottrenerkurs del 1 i Treungen. Treungen IL har nå også blitt medlem av Vest Telemark Fotball for å styrke samarbeidet i regionen. Vi deltok blant anna på treningssamling i Seljord gjennom denne.



Fotballgruppa med foreldre har lagt ned ca 3500 timar dugnad på vedlikehald, treningar, cup, kiosk og køyring i 2019.

Spinning: Vi har i 2019 hatt tilbod om 3 spinningtimar i veka, morgonspinn, spinn intervall og styrke og full guffe. Om lag 30 personar deltek på spinning kvar veke. Det har vore service på syklane i 2019 og dei fungerer stort sett veldig bra.

Zumba er ei treningsform med enkle dansesteg til latinamerikanske rytmer. I 2019 har det vore to treningar i veka. Om lag 20 personar har delteke i denne gruppa. Her er også med nokon frå Åmli.

Innebandy menn: Innebandy har treningstid kvar måndag frå 20.00-21-30. Spiller i feriar så sant hallen er open. Bruker å vere 8-10 stk. med spredning i alder frå 20 til 50.

Innebandy for damer: På sommarhalvåret har damene hatt to treningar i veka. På vinteren når fotballen er i hallen har det bare vore ei trening. Det er 18 aktive damer med, som kjem så sant dei kan. Som oftast er det 9–12 på treningane.

Fotball Old boys har treningar heile året. Dei spiller inne i hallen til det er mogleg å vere ute. Det er med opptil 10 personar på innetreningane og 15 på treningane ute. Det er også opna for at 10 klassingar kan delta på desse treningane.

Volleyball: Opptil elleve personar spelar volleyball i fleirbrukshuset ein gong i veka. I år har det også vore med 4 gutar frå 10.klasse.

Skøytegruppa: På hausten 2018 blei det tilrettelagt for ein skøytebane ved klubbhuset. Vinteren var noko varienarande, men ein del samlingar blei det på isen også i år.

Skigruppa hadde vekentlege skitreningar gjennom heile vinteren. På det meste var over 40 ungar frå 5-15 år med på treningane. Vi deler nå opp i tre grupper. Vi arrangerte grasrottenarkurs for alle skitrenarane i samarbeid med klubbane frå Drangedal.

Vi hadde som tidlegare år felles Telenorkarusell i kommunen. Vi hadde tre renn, på Gautefall, Felle og Baksås. På rennet Treungen IL arrangerte på Gautefall var det 120 deltakarar. Fleire av medlemmane i skigruppa deltok i 2019 på renn i Vestmarstafetten og Vest-Telemark skikarusell, og på sesongavslutning i Høydalsmo stilte Treungen og Nissedal IL med heile sju stafettlag. Det må vere ny rekord!



Alpingruppa: Sesongen i alpinbakken blei dessverre kort i 2019 på grunn av lite sno. Bakken var open i ca 14 dager. Men når bakken fyrst var open var det stor aktivitet. Det var ein plass mellom 15 og 20 ungar i alderen frå 6 til 14 år som bruka den i 2019.

På slutten av sesongen bytta vi ut vår gamle Ockelbo snoskuter frå 1986 med ein flunkande ny snoskuter. Sparebanken sør var med å sponsa skuteren.



Trimboksing har hatt vekentlege treningar for ungdom i fleirbrukshuset. Antall deltakarar har variert frå to til ti.

Toppturkasser: Treungen IL har hatt kasse med bøker på 15 toppar i nærmare 40 år. Vi samla inn bøkene til opninga av kunstgrasbanen og trakk ein premie per topp. Totalt telte vi opp 11 645 turar på dei 15 toppane i Treungen. Det var ei lita auke frå året før.

Klatregruppa/ Klatrefestival: Klatregruppa blei etablert på årsmøtet i 2019. Gruppa har i år arrangert klatrefestival i samarbeid med Fri Flyt. Dei fekk støtte til innkjøp av klatreutstyr av fylkeskommunen og Nissedal kommune.

Skuggenatten Opp: blei arrangert for tiande gong 1.juni 2019. Omlag 300 deltok totalt, 133 av dei i konkurranseklassa. Arrangementet gjekk i år med eit stort overskot til klubbkassa.



Rulleski. Treungen IL arrangerte rulleskirenn frå Treungen til Gautefall som ein del av Gautefall sportsfestival. Arrangementet blei Tv overført av TV2.



Aktivitetsleiarane: Ei gruppe ungdom som har vore på aktivitetsleiar kurs med skulen og Telemark idrettskrets har hatt ansvar for ulike aktivitetsskveldar. Dei har hatt ein del aktivitetar i fleirbrukshallen i samarbeid med ungdomsklubben. Dei har også hatt aktivitetsskveld på idrettsbanen og i Evja. Dei har spela mykje volleyball og tok initiativ til å ruste opp sandvolleyballbanen i Evja.



Oppgraderingar: I år har vi bygd ny kunstgrasbane, rusta opp sandvolleyballbanen i Evja og i samarbeid med Nissedal jeger og fisk bygd ny gapahuk på Kleivknatten.

Nissedal kommune har oppretta kontingentkasse. Via denne ordninga forhindrer vi at barn fell ut av aktivitetane våre grunna økonomi.

Dugnadsinnsatsen i Treungen IL tilsvarer fleire årsverk og skaper liv og røre for born, ungdom og vaksne i lokalmiljøet vårt.

Vi vil rette ein stor takk til sponsorane våre og til alle frivillige som på ulikt vis er med på å skape aktivitet i Treungen idrettslag!